

**Røysterett for alle har tradisjon for å arrangere koselege Syng med oss-kveldar krydra med utlodning og kaffidrøs. Torsdag førstkommande kl. 19.00 inviterer dei på ny til ei slik triveleg stund i ungdomshuset Helgheim. I samband med det har vi motteke følgjande pressemelding:**



[Røysterett for alle inviterer til koseleg samvær i Helgheim.\(Arkivfoto\)](#)

Røysterett for alle inviterer til ei hyggjestund i ungdomshuset Helgheim i Uskedalen torsdag 30. oktober kl. 19.00 Frå ein rikhaldig meny kan vi nemne korsong ved vertskoret, stødig leia av dirigenten Maria Malmsten, og tonefylgje ved Frode Kaldestad.

Kvinnherad Trekkspelklubb og trubadur Thor Ivar Hellesøy er musikalske gjester.

Allsongen vil få opp humøret, og vidare kan vi freiste med heimebakte kaker og kaffi, god drøs og åresal med flotte vinstar.

Riv deg laus frå sofakroken og ver med !

Foto: Privat

Nett: Thor Inge Døssland.